



Austrheim kommune
Sætre marka 2
5943 Austrheim
Att.Sissel EB Monslaup

Saksbehandlar, innvalstelefon
Celine Lunder, 5764 3106

Tilskot til symjeopplæring for barn i barnehage 2023

Statsforvaltaren i Vestland viser til søknad av 17. august 2023 om tilskot til symjeopplæring for barn i Kaland barnehage, i Austrheim kommune.

Statsforvaltaren sitt vedtak

Statsforvaltaren tildeler **kr. 74 000** til Austrheim kommune, org.nr. 948350823, til symjeopplæring for barn i Kaland barnehage, for kalenderåret 2023.

Utrekningsmåte

Barnehagen har søkt om tilskotsmidlar for 37 barn. Tiltaka skildra i symjeopplæringa er:

- symjeopplæring i basseng ved Kaland skule
- trygge i vatn
- Livredningskurs for dei største

Tilskotet blir gjeve med ein maksimumssats per barn per kalenderår. I 2023 er satsen kr. 2000 per barn.

Kor og når tilskotet blir utbetalt

Tilskotet blir utbetalt med det første, til kontonummer 1594 11 80407.

Formål og føresetnader

Tilskotet skal bidra til at kommunar, frivillige organisasjonar og barnehagar kan gjennomføre tiltak for å gje barn i alderen 4-6 år i barnehagar tilstrekkeleg symjeopplæring slik at barna blir trygge i vatn. Målet er at barna skal bli betre til å symje.

Opplæringa skal skje i barnehagen, og skal i hovudsak gå føre seg i basseng. Dersom det er problem med bassengtilgang, kan tilskotet brukast til symjing i sjø og til innkjøp av våtdrakter. Ei føresetnad med innkjøp av våtdrakter er at dei blir brukt til symjeopplæring og ikkje til strandtur, leik i vasskanten og liknande. Formålet må vere å gjere barna betre til å symje, og tryggare i vatn. Tilskotsmidlar kan òg brukast til å dekke reiseutgifter til/frå symjehall.



Jenter og gutar skal ha eit likeverdige tilbod.

Ubrukte midlar kan berre bli overført til neste budsjettår etter søknad til Statsforvaltaren.

Frist for rapportering

Frist for rapportering er sett til **1. desember 2023**. Skjema for rapportering finn de på Statsforvaltaren i Vestland si heimeside, [her](#)¹.

Kontroll og forbehold

Statsforvaltaren og riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at tilskotsmidlane blir brukte etter føresetnadene, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12. Dersom føresetnadene for å få tilskot ikkje er oppfylte, kan Statsforvaltaren krevje tilbake tilskot.

Ved feil i utrekninga kan ei avrekning gjerast i eventuelle komande tildelingar. Tilsegn om tilskot er gjeve med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet kap. 231 post 70 for aktuelt budsjettår.

Klagerett

De kan klage på dette vedtaket. Dersom de vil klage, er fristen tre veker frå de har motteke vedtaket. Klagen må nemne kva for endring de ønskjer, og bør vere skriftleg og grunngjeven.

De sender klagen til Statsforvaltaren i Vestland. Dersom Statsforvaltaren ikkje er samd i klagen og difor ikkje endrar vedtaket, vil vi sende klagen til Utdanningsdirektoratet som er endeleg klageinstans.

De har med nokre få unntak rett til å sjå dokumenta i saka. Regelverket for å sjå dokumenta i saka finn de i forvaltningslova §§ 18 og 19.

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Celine Lunder
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

¹ <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/tilskot/2023/08/midlar-til-symjeopplaring-i-barnehage-2021/>